



Reidar Myklebust fekk møta nevøen sin, Svein Ragnar Myklebust, og Torleif Helvik på lydavvikling.

**Reidar Myklebust og Uskedalen.no fekk koma bak scenen i Moster Amfi på laurdag i møte med Svein Ragnar Myklebust frå Stord/Uskedalen. Myklebust ( tangentar ) er ein av 18 musikarar i orkesteret i den store oppsetjinga av musikalen EVITA. Ein anna sentral person frå Kvinnherad er Torleif Helvik frå Herøysundet på lydavvikling. Helvik har i mange år vore lydansvarleg på Festidalen.**

Reidar Myklebust er onkel til Svein Ragnar Myklebust. Svein Ragnar har vore musikalsk ansvarleg for mange musikalar, mellom anna LES MISERABLES som gjekk over lang tid og vart flytta frå Sandnes via Haugesund til Kristiansand. Myklebust med familie bur fast i Sandnes, har hytte og ferierer kvar sommar i Uskedalen. Han har i mange år vore fast akkompagnatør for Hanne Krog. I musikalen EVITA er Myklebust ein av tre musikarar på tangentinstrument.

Torleif Helvik bur i Etne og har drive med lyd på heiltid i mange år. Helvik er med på musikalar og store framføringar. Skåneavikbluesen og Festidalen er faste oppdrag. Av einskildaktørar og grupper kan vi nemna LothePus og Stord Sjanti Choir.

Musikalen EVITA er ei av dei største framføringane som har vore i Moster Amfi nokon gong. Lisa Stokke, Andre Søfteland ( Odda ) og Espen Hana har hovudrollane. Handlinga er henta frå Juan Peron si presidenttid i Argentina. Eva Peron vert rekna som nasjonen sin åndelege leiar, men døyr i 1952 berre 33 år gamal.

Musikalen EVITA vert avslutta med siste framsyning på laurdag. Vi er kjende med at fleire uskedalingar skal til Moster på fredag for å sjå musikalen. Dei har mykje å sjå fram til. Det vert ei stor oppleving.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Finn Bakke/ Kristian Bringedal



Det er enno billetter att til dei tre siste framsyningane av musikalen EVITA i Moster Amfi.